

# Sør-Fron kommune

<b>Politisk organ</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saksnr.</b>
Kommunestyre	26.11.2019	094/19

<b>Saksansvar:</b>	<b>Arkivkode:</b>	<b>JournalpostID:</b>
Sletten, Bjørn Kjellsson	033	19/19000

## Endring av vedtekter for Sør-Fron ungdomsråd

<b>Vedlegg:</b>
Vedtekter Sør-Fron ungdomsråd

### Bakgrunn:

Vedtektene til Sør-Fron ungdomsråd vart vedteke av kommunestyret i 2005. Endringar vart gjort av kommunestyret i 2009, 2010 og 2014.

I 2014 vart talet på medlemar auka frå 6 til 9 faste medlemar, og stuttare valperiode (frå 3 til 2 år).

Administrasjonen foreslår nå å gå ned att til 6 faste medlemar og 4 vararepresentantar. Vedtektsendringane elles er gjort i samsvar med forskrift om medvirkningsordningar, fastsett av Kommunal- og moderniseringsdepartementet 17. juni 2019 med heimel i lov 22. juni 2018 nr. 83 om kommunar og fylkeskommunar (kommuneloven) § 5-12 femte ledd.

### Vurdering:

Dei siste åra har ein sett at det har vore svært vanskeleg å samle heile ungdomsrådet til møter. Valordninga blir også svært omfattande med 9 faste medlemar i tillegg til personlege vararepresentantar. Det er også ei økonomisk side her, sidan alle representantar får møtegodtgjersle. Ingen andre faste utval, med unntak av kommunestyret, har så mange representantar.

Med innføringa av den nye kommuneloven, er det bestemt at det er kommunestyret som skal velje nytt ungdomsråd. Med dagens valsystem i ungdomsrådet (sjå vedlagte vedtekter) vil det medføre at kommunestyret må velje nye representantar til ungdområdet kvart år. Administrasjonen meiner dette er unødvendig ressurs- og tidkrevjande. I tillegg meiner vi at engasjementet i ungdomsrådet ikkje er avhengig av talet på representantar.

Endringsforslaget vart lagt fram for Sør-Fron ungdomsråd 14.10.2019. Rådet hadde ingen innvendingar mot eller merknader til forslaget til endra vedtekter, som altså inneber ein reduksjon i talet på faste medlemar.

Når det gjeld sjølve valordninga foreslår vi at den held fram som tidlegare, men at det frå 2019 er slik at dei ulike organa (klassetrinn og elevråd) foreslår kandidatar, i staden for å velje medlemar. Det vil seie at det skal foreslås tre kandidatar frå ungdomsskulen og tre frå Vinstra vidaregåande skule. Når vi kjem «på tur» med den

nye valordninga vil det vera mogleg med nye val annankvar haust, i 8. og 10. klasse, samt på vidaregåande.

### **Forslag:**

Administrasjonen ber om at forslaget nedanfor blir vedteke av kommunestyret:

Hundorp, 06.11.2019

Anne Holsbrekken  
kommunalsjef

Bjørn K. Sletten  
Tenesteleiar for kultur og næring

Administrasjonen foreslår at Sør-Fron kommunestyre endrar vedtektene til Sør-Fron ungdomsråd slik at dei får følgjande ordlyd (endringar er utheva og/eller overstreka):

### **1. FORMÅL**

Sør-Fron ungdomsråd skal:

- Arbeide for ungdommen sine interesser i Sør-Fron kommune og i regionen.
- Tale ungdommen sin sak i Sør-Fron kommune.

### **2. VAL OG SAMANSETTING**

Ungdomsrådet skal ha 9 medlemmar **6 medlemmar**.

Ungdom som er eller blir 13 til 18 år i valåret og som er busette i Sør-Fron kommune kan veljast.

Det bør vera kjønnsmessig og geografisk fordeling blant medlemmane.

Medlemmane i ungdomsrådet blir vald for 2 år om gongen. Vala skal foregå om hausten.

Kvart klassetrinn på ungdomsskulen skal ha sitt medlem og varamedlem i ungdomsrådet. Medlemmar og varamedlemmar skal veljast **blir foreslått** av elevane på det klassetrinnet dei skal representere.

Varamedlemmane frå 10., 9. og 8. klasse er i denne rekkjefølgja varamedlemmar for dei faste medlemmane frå ungdomsskulen.

Vinstra vidaregåande skule skal ha sitt medlem og varamedlem i ungdomsrådet. Vinstra vidaregåande skule skal ha 3 medlemmar og 1 varamedlem i ungdomsrådet. I tillegg skal det veljast 3 representantar til frå vidaregåande skule, der ein står fritt

i forhold til kva klassetrinn den valde går på. Elevrådet på Vinstra vidaregåande skule står for val av representantar fremjer kandidatar frå vidaregåande skule til Sør-Fron ungdomsråd.

Varamedlemene frå Vg3, Vg2 og Vg1 er i denne rekkjefølgja varamedlemar for dei faste medlemene frå Vinstra vidaregåande skule.

### **3. ARBEIDSFORM**

Ungdomsrådet vel sjølv på fyrste møte om hausten leiar og nestleiar for eitt år om gongen.

Ungdomsrådet kan gjere vedtak når minst 4 av medlemene og/eller møtande varamedlemar er til stades. Leiaren har dobbeltstemme ved likt stemmetal.

Sør-Fron kommune stiller med sekretær/saksbehandlar for ungdomsrådet. Sekretariats-ansvaret blir lagt til kultur- og informasjonsavdelinga næringsavdelinga.

Ungdomsrådet skal ha faste møte gjennom heile året. Innkalling med sakliste skal sendast ut ei veke før møtet. Det skal meldast frå om forfall.

Møtande medlemar får både møtegodtgjersle og dekt reiseutgifter.

Møtegodtgjersle og reiseutgifter vert også utbetalt for møter i regionalt ungdomsråd.

Barnetalspersonen i Sør-Fron har møterett i ungdomsrådet.

### **4. SAKER**

Ungdomsrådet kan ta opp alle saker som rådet ønskjer å uttale seg om.

Ungdomsrådet skal vere høyringsorgan i relevante politiske saker. Leiaren i ungdomsrådet bestemmer, etter å ha rådført seg med sekretæren for ungdomsrådet, kva saker dette skal gjelde. Representantar frå ungdomsrådet kan møte i dei politiske organa som har sakene til behandling.

Ungdomsrådet vel sjølv dei kommunale representantane til Ungdommens fylkesting.

Ungdomsrådet vel sjølv eventuell(e) representant(ar) til regionalt ungdomsråd.

Ungdomsrådet kan fritt disponere dei økonomiske midlane som Sør-Fron kommune sett av til ungdomsrådet ved å gjere løyvingar på inntil kr. 20.000 pr. tiltak.

Midlar avsett til møte og sekretariat kan ungdomsrådet likevel ikkje disponere.

### **5. ENDRING AV VEDTEKTENE**

Kommunestyret sjølv kan endre vedtektene. Ungdomsrådet skal alltid ha fått høve til å uttale seg.

## **Kommunestyre 26.11.2019:**

### **Politisk behandling:**

Presisering fra Per Gunnar Hagelien (AP): I følge Kommunelovens § 7-5 skal kjønnsfordelingen være 40-60 i politisk valgte organ. Dette bør også gjelde for ungdomsrådet.

### **KST- 094/19:**

#### **Vedtak (19-0):**

### **Som forslaget fra administrasjonen, med tillegg av presisering fra Per Gunnar Hagelien (AP):**

I følge Kommunelovens § 7-5 skal kjønnsfordelingen være 40-60 i politisk valgte organ. Dette bør også gjelde for ungdomsrådet.

Kommunestyret endrar vedtektene til Sør-Fron ungdomsråd slik at dei får følgjande ordlyd (endringar er utheva og/eller overstreka):

#### **1. FORMÅL**

Sør-Fron ungdomsråd skal:

- Arbeide for ungdommen sine interesser i Sør-Fron kommune og i regionen.
- Tale ungdommen sin sak i Sør-Fron kommune.

#### **2. VAL OG SAMANSETTING**

Ungdomsrådet skal ha 9 medlemmar **6 medlemmar**.

Ungdom som er eller blir 13 til 18 år i valåret og som er busette i Sør-Fron kommune kan veljast.

Det bør vera kjønnsmessig og geografisk fordeling blant medlemmane.

Medlemmane i ungdomsrådet blir vald for 2 år om gongen. Vala skal foregå om hausten.

Kvart klassetrinn på ungdomsskulen skal ha sitt medlem og varamedlem i ungdomsrådet. Medlemmar og varamedlemmar skal veljast **blir foreslått** av elevane på det klassetrinnet dei skal representere.

Varamedlemmane frå 10., 9. og 8. klasse er i denne rekkjefølgja varamedlemmar for dei faste medlemmane frå ungdomsskulen.

Vinstra vidaregåande skule skal ha sitt medlem og varamedlem i ungdomsrådet. Vinstra vidaregåande skule skal ha 3 medlemmar og 1 varamedlem i ungdomsrådet.

I tillegg skal det veljast 3 representantar til frå vidaregåande skule, der ein står fritt i forhold til kva klassetrinn den valde går på. Elevrådet på Vinstra vidaregåande skule står for val av representantar fremjer kandidatar frå vidaregåande skule til Sør-Fron ungdomsråd.

Varamedlemene frå Vg3, Vg2 og Vg1 er i denne rekkjefølgja varamedlemar for dei faste medlemene frå Vinstra vidaregåande skule.

### **3. ARBEIDSFORM**

Ungdomsrådet vel sjølv på fyrste møte om hausten leiar og nestleiar for eitt år om gongen.

Ungdomsrådet kan gjere vedtak når minst 4 av medlemene og/eller møtande varamedlemar er til stades. Leiaren har dobbeltstemme ved likt stemmetal.

Sør-Fron kommune stiller med sekretær/saksbehandlar for ungdomsrådet. Sekretariats-ansvaret blir lagt til kultur- og informasjonsavdelinga næringsavdelinga.

Ungdomsrådet skal ha faste møte gjennom heile året. Innkalling med sakliste skal sendast ut ei veke før møtet. Det skal meldast frå om forfall.

Møtande medlemar får både møtegodtgjersle og dekt reiseutgifter.

Møtegodtgjersle og reiseutgifter vert også utbetalt for møter i regionalt ungdomsråd.

Barnetalspersonen i Sør-Fron har møterett i ungdomsrådet.

### **4. SAKER**

Ungdomsrådet kan ta opp alle saker som rådet ønskjer å uttale seg om.

Ungdomsrådet skal vere høyringsorgan i relevante politiske saker. Leiaren i ungdomsrådet bestemmer, etter å ha rådført seg med sekretæren for ungdomsrådet, kva saker dette skal gjelde. Representantar frå ungdomsrådet kan møte i dei politiske organa som har sakene til behandling.

Ungdomsrådet vel sjølv dei kommunale representantane til Ungdommens fylkesting.

Ungdomsrådet vel sjølv eventuell(e) representant(ar) til regionalt ungdomsråd.

Ungdomsrådet kan fritt disponere dei økonomiske midlane som Sør-Fron kommune sett av til ungdomsrådet ved å gjere løyvingar på inntil kr. 20.000 pr. tiltak.

Midlar avsett til møte og sekretariat kan ungdomsrådet likevel ikkje disponere.

### **5. ENDRING AV VEDTEKTENE**

Kommunestyret sjølv kan endre vedtektene. Ungdomsrådet skal alltid ha fått høve til å uttale seg.

